

Prosjektmandat

Prosjektnr	Namn	Saknr
	Vestland fylke e-helse og velferdsteknologi E-helse Vestland - Vestland som kraftregion for bruk av teknologi i helse og omsorgstenesta	
Prosjektfase	2020- 2025	
1. BAKGRUNN, BEHOV OG UTFORDRING		
<p>Velferdsteknologi har stor merksemd i kommunane i Vestland fylke. Velferdsteknologi er ei av løysingane som skal gjere helse og omsorgssektoren i stand til å oppretthalde kvaliteten på tenestene i åra framover. Alle kommunane forventar større press på helse- og omsorgstenestene på grunn av demografiske endringar, auka oppgåver som resultat av samhandlingsreforma, samt at spreidd busetnad og geografi skapar utfordringar for denne sektoren i mange kommunar. Rett bruk av velferdsteknologi fører til at den einskilde brukar i større grad opplever eigen mestring, tryggleik og auka livskvalitet. Dei fleste ønsker å klare seg sjølv mest mogeleg og å bu i eigen heim lengst mogleg.</p> <p>Satsinga på velferdsteknologi har gjennom mange år vore forankra i NOU-ar og stortingsmeldingar som legg føringar for kommunale helse- og omsorgstenester. <u>Nasjonalt velferdsteknologiprogram (NVP)</u> er eitt av fundamenta i kvalitetsreforma for eldre – «Leve heile livet». Programmet er no vedteke vidareført med ein ny treårsperiode 2022-2024.</p> <p><u>Stortingsmelding 7 (2019-2020) «Nasjonal helse- og sykehusplan»</u> tydeleggjer at det er «pasienten sin helseteneste». Og tenesta skal oppfatast og leverast presist, forståeleg og samanhengende, og når det er muleg, i pasienten sin heim. Vidareutvikling og bruk av teknologi og relevant kompetanse i breie tverrfaglege samarbeid med aktuelle aktørar, der pasientar har ei nøkkelrolle, er hovudelementa for å realisere desse planane.</p> <p><u>Perspektivmeldingen 2021 (Meld. St. 14 (2020–2021))</u> drøftar viktige utfordringar for norsk økonomi, for offentlege finansar og for videreføring av dei norske velferdsordningane i eit langsiktig perspektiv. Meldinga peikar på at opp mot én av tre må arbeide i helse og omsorg i 2060 om ikkje ny teknologi og nye arbeidsmåtar blir innført i stor skala. Digitalisering, tenesteutvikling og organisasjonsutvikling hjå tenesteleverandørane er nøkkelen.</p> <p>Kommunane i Vestland fylke som har vore med i det Nasjonale velferdsteknologi programmet, ynskjer å samarbeide omkring utvikling av gode tenester og kompetansebygging i møte med ny teknologi og morgondagens omsorg.</p>		

Desse kommunane frå «Sogn og Fjordane-prosjektet» og «Hordalandprosjektet» har starta implementering og arbeid med dette i mange år. Samarbeidet har vore styrt av det nasjonale prosjektet med vekt på tema som heilheitleg tenestemodell, forankring, prosessveiledning, kompetansebygging, endringsleiing, organisasjonsutvikling med sektorovergripande tiltak, brukarmedverknad, personvern, dokumentasjon gjennom gevinstrealisering, beredskapsplanar og prosjektstyring.

Når det nasjonale velferdsteknologiprogrammet er no vedteke vidareført ut 2024, skal E-helse Vestland arbeide vidare for å

- sikre vidareføring og forsterking av tiltak som blir iverksett
- oppretthalde og systematisk vidareutvikle framtidsetta kompetanse
- kartlegge, dokumentere og utvikle bruk av teknologi innanfor dei relevante bruksområda og for alle brukargruppene
- etablerer varige samarbeidsstrukturar og nettverk i fylket

Sunnfjord kommune er vertskommune og søker Statsforvaltaren om fornyingsmidlar til å vidareføre arbeidet. Alle kommunane i Vestland fylke er invitert til å vere med i prosjekt, og alle kan følgje utvikling og resultat i prosjektet. Målet er å få med alle kommunane i Vestland fylke i løpet av prosjektperioden. Prosjektet skal og samarbeide med andre relevante prosjekt og initiativ i Vestland fylket, slik som Digi Vestland og E-komp.

E-helse Vestland samarbeider også med og deler erfaringar og kompetanse med andre fylkesprosjekt som Trøndelagsløftet, E-helse Agder, Telemark og Innlandet. E-helse Vestland bygger dermed også på erfaringar og gode samarbeidsmodellar frå desse fylka.

2. MÅLSTRUKTUR

Prosjektet har definert eit målhierarki med tre hovedelement: Visjon som definerer langsiktig ambisjonsnivå, hovedmål som definerer effektmål og delmål som er dei årlege resultatmåla.

Visjon (langsiktig målsetjing og ambisjonsnivå):

«Alle innbyggjarane i Vestland fylke skal kunne bu trygt og lengst mogleg heime med velfungerande tenester støtta av e-helse, særleg velferdsteknologi.»

Hovedmål (effektmål)

Prosjektet skal etablere og vidareutvikle eit sterkt fagleg samarbeid for å samle, bygge og dele kunnskap og erfaringar som er viktige for innføring av velferdsteknologi i kommunane.

Prosjektet skal støtte kommunane i å realisere det store potensialet med bruk av velferdsteknologi. Kommunane skal vere i førarsetet, skal innføre og ha vesentleg gevinst av å nytte velferdsteknologi i tenesteytinga .

Delmål 2022 (Konkrete resultatmål 2022)

Hovedmålet skal realiserast gjennom følgjande sett av konkrete og målbare delmål:

1. Forsterke effektar og vidareutvikle eit Vestlandsnettverk for velferdsteknologi
2. Få til digital heimeoppfølging i samarbeid med sjukehus og kommune
3. Få til fagleg samarbeid mellom responssentra
4. Organisere kompetanseoppbygging mellom alle kommunar og utdanningane
5. Organisere og få i drift teneste til barn og unge med nedsett funksjonsevne
6. Førebygge digitalt utanforskap

3. HOVEDAKTIVITETAR OG AVGRENSING

E-helse Vestland har utfrå eit stort behov for felles samordning, koordinering og resultatformidling på tvers av aktivitetane i prosjektet vald å organisere arbeidet i arbeidspakker som kvar representerer ein hovedaktivitet. Ein hovedaktivitet (ei arbeidspakke) er då knytt til kvart delmål ovanfor.

For 2021 og 2022 har prosjektet følgjande 6 arbeidspakker:

1. Forsterke effektar og vidareutvikle Vestlandsnettverket
2. Digital heimeoppfølging
3. Fagleg samarbeid responssentra
4. Felles kompetanseutvikling
5. Velferdsteknologi til barn og unge med nedsett funksjonsevne
6. Førebygge digitalt utanforskap

Sjå prosjektplan for nærare omtale av arbeidspakkene.

I alle desse aktivitetane rettar E-helse Vestland innsatsen mot brukarsida med tenesteytarane i kommunane og tenestemottakarane inkl brukarorganisasjonar, ikkje tekniske komponentar og infrastruktur. Prosjekt arbeider med brukarsida både hjå fagbrukarane i kommunane og sluttbrukarane ute i lokalsamfunna. Hovudinnhaldet er dermed tenesteutvikling og omstilling, kompetanseheving og opplæringstiltak i kommunane, dialog med brukargruppene i lokalsamfunnet, felles evaluering og kunnskapsutvikling og dermed også i stor grad kunnskapsutveksling mellom eit stort tal kommunar i nye Vestland.

4. ORGANISERING

Prosjekteigar: *Sunnfjord kommune (ansvarleg kommune)*

Prosjektansvarleg:

Kommunalsjef i Sunnfjord kommune, Kirstin Bruland

Styringsgruppe:

- *Sunnfjord kommune: Kirstin Bruland, leiar*
- *Representantar på kommunedirektør-/rådmannsnivå oppnemnt i samråd med KS og samordna med styringsgruppa i DigiVestland, Terje Heggheim*
- *Representant frå deltakande kommune, kommunalsjef Monica Totland Melvold*
- *Brukarrepresentant, fylkeseldrerådet, Harald Ekroll*
- *Hovudtillitsvald, fylkesnivå NSF, Marita Hilleren*
- *Helse Bergen, Randi-Luise Møgster*
- *Helse Fonna, Reidun Rasmussen Mjør*
- *Helse Vest IKT, Ørjan Andersen*
- *Vestlandsforskning: Ivar Petter Grøtte*
- *HVL: Georg Førland*
- *Observatør: Statsforvaltaren i Vestland, Linda Svori*
- *Prosjektleiar er sekretariat for styringsgruppa*

Prosjektleiar: *Kari Eidnes Bjørkheim*

Leiargruppe:

Består at leiarane for dei 6 arbeidspakkene (+ andre etter aktuelle saker). Dette er leiargruppa som i den daglege prosjektaktiviteten, skal støtte prosjektleiar i samordning, overvaking og planlegging av aktivitetar.

Forankringsgruppe (kontaktpersonar frå hovedgruppene av prosjektpartnerane):

- *Prosjektleiar Kari Eidnes Bjørkheim*
- *Prosjektmedarbeidarar frå dei tidlegare prosjekta i Hordalandsregionen og Sogn og Fjordane regionen: Anette Eri Norevik, Kjell Olav Bondevik, Gro Løvik, Anita Sævild og Per Waardal*
- *USHT Vestland (Sogn og Fjordane): Marta Strandos, USHT Vestland (Hordaland): Siv Bjønnum, USHT Fonna: Gunnhild Brenno*
- *Yrkesseksjonsleder helse og sosial Fagforbundet Vestland, Sigrun Bøe Perez*
- *Brukarrepresentantar: Kjell Kjølraug, Pensjonistforbundet*
- *Helse Vest IKT: Kari Støfringsdal*
- *Vestlandsforskning: Hilde G. Corneliussen og Ivar Petter Grøtte*
- *IT-forum Vest: Ivar Petter Grøtte*
- *HVL: Tone Elin Mekki*

- *Kommunalsjefar for helse-omsorg oppnemnt av prosjektleinga i samråd med KS; Solrun Hauglum, Oddvin Neset, Kirstin Bruland, Barbro Longva, Anita F. Midlang, Kjersti Valvik, Claudio Mentuccia, Gro Kalvenes*
- *Sys IKT: Cathrine Andresen Vagstad*
- *IKT Nordhordland: Nils Ingvald Halle*
- *Alarmsentralen i Sogn og Fjordane: Inger Elise Grotle*
- *Samhandlingssjef Helse Førde, Dagrun Kyrkjebø*

Referansegruppe (ekstern høyringspartnar)

Prosjektet vil samarbeide med berørte partar (delvis via arbeidspakkene):

- *NAV*
- *Husbanken*
- *Hjelpemiddelsentralen*
- *Kommuneoverlege*
- *Frivilligheitsentral*
- *Personvernombod*
- *Seniorråd*
- *Brukarorganisasjonar for unge og eldre*
- *Ulike lag- interesseorganisasjonar*
- *NSF*
- *Fagforbundet Samhandlingskoordinator sjukehus*
- *Brann- redning/beredskap*

5. SUKSESSKRITERIER OG FORVENTA RESULTAT

1. Brukar

Tenestemottakar mottar tenester som vert supplert av velferdsteknologi og støttar opp om den einskilde sin trong for tryggleik og meistring. Dette skal bidra til at ein:

- 1.1 Opprettheld sjølvstendige og aktive liv
- 1.2 Opplever tryggleik og meistring i eigen bustad og på institusjon
- 1.3 Får hjelp og støtte til å forstå og ta i bruk teknologien

2. Tilsette

Dei tilsette nyttar velferdsteknologi som supplement til sitt daglege virke ved at dei:

- 2.1 Utviklar felles visjon, mål, tilnærmingssmåtar og haldningar til tenestene
- 2.2 Har kjennskap til e-helse, velferdsteknologiske løysingar og har kompetanse til å vurdere føresetnadane for og konsekvensane ved å ta i bruk ny velferdsteknologi
- 2.3 Har kompetanse til å rettleie brukar av teknologi
- 2.4 Opplever at aktiv bruk av velferdsteknologi i tenesta bidreg positivt med omsyn til å behalde og rekruttere kompetent helsepersonell
- 2.5 Opplever at arbeidsgjevar satsar på robuste og fleksible teknologiske løysingar, som møter framtida sine utfordringar

3. Kommunen - Bærekraftig utvikling

E-helse, velferdsteknologi skal bidra til at kommunane kan tilby fleire tenestemottakarar gode og bærekraftige tenester òg i framtida ved at:

- 3.1 Kommunane samordnar bruk av velferdsteknologi, som bidrar til god ressursutnytting og effektive tenester etter BEON prinsippet
- 3.2 Kommunane etablera føremålstenlege verktøy for dokumentasjon av gevinstrealisering
- 3.3 Innbyggjarane opplever at kommunen er godt rusta til å møte utfordringar, ved å kombinere brukartilpassa tenester med velferdsteknologiske løysingar

4. Statistikk og dokumentasjon

Det skal utarbeidast tenleg statistikk som kan vise gevinstar innan spart tid, unngåtte kostnader og auka kvalitet.

Endringsoversyn

Versjon	Dato	Skildring av endring	Utført av
0.1	18.08.20	Utkast prosjektmandat (<u>utkast 1</u>)	Kari Eidnes Bjørkheim
0.2	18.09.20	Gjennomgang utkast prosjektmandat (<u>utkast 2</u>)	Arbeidsgruppa.
2.0	02.03.21	Revidering jf søknad og endringer fornyingsmidlar 2021 (utkast 3)	Kari Eidnes Bjørkheim
3.0	15.04.21	Revidert før møte i styringsgruppa 25.05.21 (utkast 4)	Kari Eidnes Bjørkheim
4.0	18.05.21	Endeleg utkast til styringsgruppemøtet 25.05.21	Kari Eidnes Bjørkheim. Kirstin Bruland Ivar Petter Grøtte
5.0	25.11.21	Revidert utkast etter drøftingar og innspel i styringsgruppemøtet 14.09.21	Kari Eidnes Bjørkheim. Kirstin Bruland Kjell Olav Bondevik Ivar Petter Grøtte
6.0	08.02.22	Revidert etter endring, utskifting og deltaking av nye deltakarar	Kari Eidnes Bjørkheim. Kirstin Bruland Kjell Olav Bondevik Ivar Petter Grøtte
7.0	12.10.22	Revidering etter endring av brukarrepresentant frå Pensjonistforbundet og ny kommunedirektør i vertskommune for prosjektet	Kari Eidnes Bjørkheim John Eirik Anfinsen